

Emnenr.

Fylke:

Vest-Agder

Tilleggsspørsmålnr.

til nr 7 - Skav.

Herad:

Grua Sirdal.

Emne:

Skav

Bygdelag:

" "

Oppskr. av:

E. Valevahn

Gard:

Tveiten.

(adresse):

Dorgefoss.

G.nr.

15

Br.nr.

7.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenns (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Tilleggssliste til nr 7. Skav.

1.

Det er kjent i vår bygd at krø-
terhandlarane når dei kjøpte kyr om
våren, oftast betalte meir for ei ku som
hadde fått skav om vinteren enn for
ei som ikkje hadde fått. På ei stor
fin og god mjølkeku kunne vel skilna-
den vera opp til 40 kroner. Grunnen
var den at handlarane rekna med, at ei
slik ku som hadde fått skav, var
privilegare, blei ferdig og aldri bruka
å få det dei kalla beinverk om
småren.

2.

Det var ikkje vanleg tru eller
røynsla her at ei ku som hadde fått
mykje skav, fekk svart kjøt som var
vanskelig å selja.

3

Det var heller ikkje vanleg tru her
at mjølk frå ei ku som hadde fått
skav, var færlig for kalvar eller små-
griser.

3
2033
ikkje hadde rauneskog, dei had
grannegardane, dei som hadde slik
skog, om å få kjøpa så og så
mange lass med raun til ein omforei-
na pris for kvart lass. Oflasket vart
ein slik ordning mytta. Men det kunne
og henda at dei fekk kjøpa til ulthogst
ein større eller mindre teig rauneskog.

8.

Det har nok hendt ikkje så sjil-
dan at det ved deling av sameigeskog
vart teke omsyn til skavskog - raune-
skog - så denne vart sett større pris på.

9.

Ein kunne ikkje ta skav i almen-
ning.

10.

Husmennene hadde ikkje rett til å ta skav
i skogen til husbonden sin med mindre det
var avtala opphaaleg.

11.

Ordet skavhella teijenes eg ikkje
til her i bygda

12.

eg har aldri høyst tale om at tuffk-
kallen kunne setja skavet på skavve-
den att i noko høve. Har det nokor
tid vore ei slik overtro her, må det vera
for fleire hundrad år sidan!